



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 02.12.2019
Møtestad: Heradsstyresalen, Dale
Møtetid: 10:00 - 12:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalseiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Magne Hestad		Arbeidstakarrepr.
Appia Paul Mkoba		Arbeidstakarrepr.

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem
Alexandra Nilsen		Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Kjartan Haugsnes	SV	Trond Olav Magnussen
Lillian Seim		Alexandra Nilsen

Andre møtande:

Frå administrasjonen møtte: Atle Fasteland og Lin Tove Thomassen.

Frå utdanningsforbundet: Marit Midtun

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
09/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
10/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
11/2019	AKAN - POLICY FOR BRUK AV RUSMIDDEL OG SPELAKTIVITETAR
12/2019	BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE



Vaksdal kommune



09/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 02.12.2019

Behandling:

Thor Andersen (AP) ber om at møterom for formannskapet er tilgjengeleg for politiske gruppemøter før møtestart i Administrasjonsutvalet, på same måte som for formannskaps- og kommunestyremøter. Utvalsleiar orienterte om at det i 2020 vert planlagt som at møter i Administrasjonsutvalet alltid vil bli sett opp same dag, og i etterkant av formannskapsmøtene.

ADM - sak 09/2019 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

10/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Administrasjonsutvalet 02.12.2019

Behandling:

Revidering av arbeidsgjevarepolitikk

Magne Hestad (AP) ønskjer å få tilsendt referat etter møter i arbeidsgruppe 2, som no er avsluta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ADM - sak 10/2019 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

11/2019: AKAN - POLICY FOR BRUK AV RUSMIDDEL OG SPELAKTIVITETAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet godkjenner policy for bruk av rusmiddel og spelaktivitetar



Administrasjonsutvalet 02.12.2019

Behandling:

Magne Hestad (AP) ba om at overskytande tekst vart fjerna i punkt nr 6

Heidi Rongved (AP) la fram forslag om å inkludere spelaktivitetar i setningen:

"Skulle ein av våre tilsette få eit problematisk forhold til bruk av rusmidlar **eller spelaktivitet** som påverkar arbeidstilhøva, er det vår intensjon å følge Akan-modellen for handtering av individsaker"

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med endringar nemnd over.

ADM - sak 11/2019 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet godkjenner policy for bruk av rusmiddel og spelaktivitetar.

12/2019: BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE

Administrasjonsutvalet 02.12.2019

Behandling:

Formannskap/plan- og økonomiutval si tilråding til budsjett 2020 vart lagt fram for uttale.

Magne Hestad (AP) ønskjer at administrasjonsutvalet vert orientert om rapportar vedkomande vikarbruk m.m. på same måte som formannskapet vil bli orientert i 2020, jamfør punkt 3 i avsnittet "Vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak".

Magne Hestad (AP) sitt forslag vart samrøystes vedteke og Administrasjonsutvalet ønskjer å legge fram for kommunestyret at punkt 3 vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

ADM - sak 12/2019 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet ønskjer at punkt 3 i avsnittet "Vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak" vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

Formannskapet si tilråding til budsjett 2020 vert teke til orientering.



Spørsmål

Thor Andersen (AP) Presseoppslag i BT og Aftenposten og vald på institusjonar. Har Vaksdal kommune svart på den undersøkinga, og er dette sett på dagsorden i kommunen?

Rådmannen svara ut spørsmålet i møtet.